

# STYREMØTE 11/1-90.

IVERGARDEN II 20<sup>00</sup>

Sak 1/90 - VALG/KONSTITUERING

Formann: John Kåre Storås

Nestformann: Inge Norman Relling

Kasserer: Jørn Midthjell

Styremedlem: Torunn S. Ljøen

Sekretar: Stein Juar Fjohm

Sak 2/90 - Fast møtedag. Første torsdag i kvar måned, kl. 20<sup>30</sup>.

Sak 3/90 - Sekretaren ordnar med melding til dei nyvalgte / 2-års og andre / 1-år om kva verk dei har i idrettsåret - 90.

Sak 4/90 - Valg av 2 utsendingar frå styret til K.U. Jørn Midthjell og Stein Juar Fjohm valgt.

Sak 5/90 - Ny lønnorm for laget vart vedtatt på årsmøtet. Formann og sekretar fyller ut og sender inn lønnorm for godkjenning.

Sak 6/90 - Sal av medlemskort.

Kode 1: Gullsmedgården - Petter Norhus

Torunn Ljøen

Kode 2: Dale - Fosshiem

J.K. Storås

Kode 3: Dahus - Storås

J. Midthjell

Kode 4: Dunavollen - F. Grønningssøder

I. N. Relling

Inge N. Relling ~~er~~ kontrollerer om vi har kort.

FRIST (SNARAST) 31. MARS.



SAK 7/90 På neste møte (1. febr.) skal styret ta stilling til korleis ein skal markere 60-årsjubileum i laget. Forslag til større jonsokfeiring / barneaktivitetar / Bal på bana / fotballkamp? / fjomegravt / dans / musikk-inne + ute (A-kien), etc.


SAK 8/90 Dei ~~atta~~ gymse gruppene skal ha større ansvar for det utstyr dei brukar. Vere ansvarlege for korrekt behandling av utstyr, rydde på plass etter seg etc. Dersom ting er defekte eller småjobbar / reparasjonar skal utførast skal dei ta kontakt med materialforvaltaren.

SAK 9/90 Skigruppa v/ Hallvard Engereth orienterte om skigruppa sine aktivitetar framover vinteren. Etter dei neste møte (3/1-90) vil skriftleg aktivitetsplan foreligge.

SAK 10/90 Utleige frakkemaskin:  
Medlemspris : Kr. 150,-  
Ikke medlem : Kr. 200,-

Timar teknar ein etter fimelelyaren i maskina. Leigaren lønar forar av maskina. Foraren skal vere godkjent av idrettslaget.

X = Inge Normann Relling (Brøten tomme)



Seks. Steinhar Holm.



# STYREMØTE 01.02.90

SAK 11/90 Formann refererte innkomne skriv.

SAK 12/90 Styret ~~for~~<sup>vedtok</sup> at Snippeklubben vel ut 2 representanter til eit/ei styre/gruppe på 4 stk. som skal stå for innredning (møblar-gardiner etc.) på Skibua. Dei andre i gruppa blir:

1 frå NIL-styret → Torunn S. Ljøen

1 frå "hytte-nemnda" → Stein Jvar Krohn

Dei to representantane frå Snippeklubben

er i vest, underretta om sene veru av sekretøren.

SAK 13/90 John Kåre foreslår at **9.11.1** søker Sparebanken Møre om gave i form av koppar/tallerkenar etc. til den nye skibua på Lilleåsen. Jørn Midthjell ordnar søknad.

SAK 14/90 Etter avtale med Valldal f.l. kjem to representantar frå dei hit til Norddal l.l. og Eidsdal l.l. for å gjennomgå eit data-program for utvikling av skirenn. N.l.l. stiller med Petter Melchior, Ola Kelling og Stein Jvar Krohn. Saman med representantar frå E.l.l. vil ein vurderer å kjøpe ein "part" i dette programmet. Eventuelle reiseutgifter for "valldalingane" vert å dekkje. Eventuelt kjøp av program vert avgjort etter dette møtet.



SAK 15/90

JONSOKARRANGEMENT / NIL-60 ÅR.  
Det vart bestemt at ein legg jonsokfering  
til Grendehuset/skulan. Dagen skal mar-  
kerast med ymse aktivitetar etc.  
På mars-møtet skal komitear velgjast

SAK 16/90

Førn ordnar med søknad om tillatelse til  
scouterkøyning. Område utteika på kart.

Møtet slutt

22<sup>45</sup>

Jan Koltzjell  
Steinvar Joh  
I.N.R. (Droktu founnd)

Jonas Synnøve djoen



# STYREMØTE 1/3-90

STAD: "MELCHTOR-GARDEN" KL. 20<sup>30</sup>

SAK 17/90 Stovass-rennet. Halhard viste fram utkast til premiar til Stovass-rennet. Styret likte "premie-skjoldet" og ba skigruppa ta ansvaret for endeleg utforming.

SAK 18/90 Formann orienterte om uinkomne skriv.

SAK 19/90 Langrennstrasé: Dette er neste satsingsområde for idrettslaget.  
- Trasévalg - kontakt kretsen angående kvalifisert person for utvalg av trasé.

- Grunneigarane må kontaktest.

Inge Lilleås, Kallebjørn Lilleås, Kåre Storås,  
Asgeir Lilleås.

- Undersøkj korleis ein søljer konserjon.

- Bredde på trasé, høgd lysmastre etc.

- Elektrisk / lysmastre kostnader

- Kostnadsoverslag trasé.

John Kåre & Stein har ringt kretsen.

Inge N. og Jørn kontaktar grunneigarane.



SAK 20/90: Stein Jvar kontakter Ola angående innlegg i  
SN angående salg av andelar/gåve

- ~~for~~ salg fra neste helg
- pris pr. andel 100,-
- 3 andelar gratis ramme
- ramme 25,-
- skriv liste, betaler  
rammer og andeler bringes rundt.

Eli Relling og Hallvard Ringstad får  
kvarert sitt eksemplar m/ramme gratis.  
som honoror for utarbeiding av diplom.

SAK

SAK 21/90: Torunn Synnøve tinger huset til jonsokaftean  
Stein Jvar ringer 1. Måltrosten eventuelt  
Foy.

Møtet slutt 1340

Stein Jvar Fokun.

Torunn Synnøve Jøen

Joy N. Relling

Jon Kar



STYREMØTE OLEGARDEN TORSDAG 05.04.90

SAK: 22/90 Kjøp av dataprogram for rennavoriking.  
Stein Jvar kontakter V.L.L og ber om at denne saka vert utsatt til neste sesong. Om dette ikkje går i orden kjøper vi dette som avtalt.

SAK: 23/90 Marknad

N.L.L arrangerer - skyting

Jan Olav ordnar blinkar og skudd.  
Inge og John Kåre administrerer

- pilleasting - Petter M, Bjørn Helge,  
Knut Eldar R,

- Bowling, kost/bik ordnar Førn &  
Torunn.

- Gaveandelar hytte salg Stein Jvar

SAK: 24/90 Drift av hytta i påska.  
Nytt skriv skal utsendast om  
vakter og drift av kiosk.  
Stein Jvar.

Prisar: Kaffi 5,-

Brus 8,- 1 kr i pant.

Resten ordnar John Kåre.

Inge Relling Jan Luthjell  
Torunn Subroie Læen Stein Jvar John Kåre



NYDELEG  
VEGEN OPP TIL  
ER HEILT BAK (TR.)

STYREMØTE SKIBUA LILLEÅSEN  
TORS DAG 03.05.90 KL. 20<sup>00</sup>

SAK 25/90 Referat-saker:

Formannen refererte innkomne skriv.

SAK 26/90

Service på trakkemaskina. John Kåre undersøker prisar på service hjå ANTRA som leverte maskina. Inge Normann undersøker kva Eidsdal Auto skal ha for å ta service på maskina.

SAK 27/90

Norddalstrøff. Jon Dale har teke kontakt med N.I.L. og spurt om N.I.L. vil vere behjelpelige med å arrangere eit slags treff for utflytta norddalingar. Styret finn det høveleg å arrangere 60års-festen saman med dette arrangementet. John Kåre kontakter Jon Dale og bed om å få vite korleis dei skal avvikle dette arrangementet og kva "program"-postar dei har tenkt seg. Vi vil då prøve å samordne våre aktiviteter med dei.

SAK 28/90

Dersom det ikkje er fotballkamp e.l. vil vi prøve å ha ein "rydde"-dugnad torsdag 24. Mai (Kisti Himmelfartsdag) kl. 13<sup>00</sup> på Lilleåsen



ARB. OPPGÅVER: Noko (brotkastong) ved skal ned, brenning av rusk, planering, tilaging av utknips-rundt. Nytt. Vurdere vatn/brønn og kloakk. Traktorlass m/ jord-griis, nedgraving av kabel etc. Veranda spikring, handicap-trapp.

Stangvar Holm, Inge Relling  
Jørn Kattjell

STYREMØTE JUNI (TORSDAG 12. JUNI 2012)

Opplegg av jansokarrangementet -  
Sak 29/90 Bål på "Kande-grändane" -  
Bru ~~otter~~ "Lilje-elva" og over til Jon Dale  
F.k. & I.N.R. & S.I.K. ordinær bord og stolar,  
grilling, salg etc.  
Forn & Torunn, ordinær grønt etc.

Stangvar Jørn Kattjell  
Inge N. Relling



Sak 30/90 Forsikringar!

Forsikringane bør samlast i ei fellesforsikring

Jørn og Stein Jørn ordnar dette.

Vi må ha forsikring på:

Hytte - Kellingsetra

Skibua - fullverdi

Skibua - Turbo

Trakkemaslein

Scooter

Trek - ansvar

(Rom på skulen?)

Sak 31/90 Skibua

- Jordhaugen i løypa skal planeres søndag O.K.

- Kjøing av trekkhus

- Rekkverk hytta

- Hytte reglar må utarbeides

- Elektrisk

O.K.

- Rørleggearbeid

- Kart til Kolbjørn h.

- Gardener

Stein Jørn

Jørn H. Kelling  
Jan Ludvigsen

Jørn Kelling



Sak 32/90

Forespørsel frå Valldal I.L. om at N.I.L, V.I.L og E.I.L samla søtjer om tilskot frå turistsektoren i kommuna. Grunnlaget for søknaden er at idrettslaga held  $\$$  ved like første turloyper for turistane i vintersesongen i sine distrikt. (også morjonistar etc.)

Styret vil avvente denne saka. Vi har i alle år prøvd å halde turloypene åpne når været og forholda er bra. Vi ser imidlertid eit lite kapasitetsproblem i at alpinbakken må få første prioritet og turloypene kjem i andre rekke. Dessutan meiner vi at kommuna har støtta oss økonomisk tidlegare (frakke maskin og skibus/garasje) i så stor grad at ei ekstra-"inntekt" på ein service som vi normalt yter ikkje er nødvendig/passande.

Sak 33/90

ÅRSMØTE 1990 PÅ SKIBUA.

DATO - TORSDAG 15/11-90

- Valgkomite må kontaktast
- Dei som skal skrive årsmelding må kontaktast
  - formann og kasserar
  - Skigruppe
  - Trim/Friidr.
  - Hyttestyre
  - Økonomigruppe



Sak 34/90 HYTESTYRE:

~~Styret mener at~~  
Hytestyret for Rellingsetra fortsetter som  
før.

Hovedstyret fungerer som hyttesyre fram  
til hytta/skibua er ferdig.

Anleggsgruppa fungerer fram til hytta  
er ferdig.

Neste møte 1/11-90

Møtet slutt 23 05

Torunn Synnove Jøen Jan Ludvigsen

Inge N. Relling



STYREMØTE Torsdag 1/11-90.

Sak 35/90

Årsmøte : Sakliste

1. Valg av to personar til å skrive under møteboka.
2. Årsmelding formann, <sup>skigruppe, trim-tri, fotballgruppe,</sup>
3. — " — regnskap <sup>økonomigruppe, hyttestyre,</sup>
4. Medlemskontingent
5. Valg / Skal fotballgruppa fortsette ?
6. ~~Fotballgruppe, fortsette~~ <sup>2-2</sup> Graskane ? Neiund!
7. Innkomne saker
8. Ordskifte om ~~nytt~~ skibu - <sup>husreglar, hyttestyre,</sup> tankar om drifta framover.

Kaffi & Kaker

Utsett møtedato til 22/11-90 p.g.a. tidshister.

Sak 36/90

Spå sak 32/90. V.I.L og E.I.L. ringde og ba formann John Kåre Storås møte på eit fellesmøte ang. turloypetilbod for turisme etc. Det vert arbeidd vidare med desse planane. Eit kontraktutkast vil verte utarbeidd. N.I.L vil vurdere denne kontrakta når den foreligg.

*[Handwritten signatures]*

Jorunn Synnove djoen

Joy Selvig



STYREMØTE 13.11.90 Ivergarden 20<sup>30</sup>

Sak 37/90

Viser til sak 13/90 - Søknad om "Kjerald til Skibua på Lilleåsen" - Vi har fått <sup>(Spørsmål)</sup> gaver til verdi av kr 5.000,- fra Sparebanken Møre (Vedtatt på møte i dag). Dersom vi får kontantar vert det å bestille service med egen logo. Dersom vi får service med Sp. Møre motiv på vert det å supplere med nødvendig "kjerald" på kjøleket.

Sak 38/90

Sjå sak 32/90. V.I.L og E.I.L har innkalla F.K. Storås og utarbeidd eit avtaleutkast til Norddal Kommune. Stemninga i styret er noko "kjølg" til denne måten å "mase" på kommunen om pengar. Men for ikkje å "stille oss i veien" for dei andre idrettslaga er vi viljuge til å skrive under avtalen. Visse endringar i avtaleutkastet må gjerast. Prosentatsen (fordeling) må kunne justerast ved eit seinare høve, hvis det viser seg at enkelte lag gjer ein bedre jobb enn andre.

~~Stutt~~

22<sup>30</sup>

(Torunn S. Kom!)

Sak 39/90

Regnskapsoppsett.

Vi har bestemt at det ikkje skal forast balanseregnskap for 1990. Då anlegga ikkje har nokon inngående saldo. Verdien på anlegga vert å ta opp på årsmøtet, slik at ein har ein inngående balanse for neste år.

Stutt 23

25

Stutt  
Torunn S. Kom!  
Inge  
Kelling

For Kjetil  
Torunn Synnove Djoen



ÅRSMØTE 22-11-90.

~~SKIBUA~~ SKIBUA LILLEÅSEN.

FRAMMØTE 25 stk + 1stk

Ingen merknader til innkallinga

Hallvard Engseth og Petter Melchior skriv under møteboka

Yret si årsmelding: Opplest og godkjent. Vi presiserer at avtale mellom kommuna og idrettslaga ikkje er komen lenger enn at søknad er under utarbeiding.

- \* Årsmelding økonomigruppe. Ingen kommentar
- \* Årsmelding hyttestyre Rellingsetra. Ingen kommentar
- \* Årsmelding trim/fridrett. Ola Relling sa ifrå om at del-takarar hadde ønskt tre marsjar same helga. Ellers ingen kommentar
- \* Årsmelding skigruppa. Petter Melchior etterlyste kurs for dei yngste både langrenn/slalåm. Inge Lilleås etterlyste ein enkel løypetrase som er enklare å preparere med lite snø. Ellers O.K.
- \* Rekneskap. Inge Lilleås <sup>MÅ PRIORITERAST</sup> grei og enkel framstilling av inn-/utgifter (saknar aktivitet i laget) delvis svar - ein må sjå om drifta (utanom anlegg) svarar seg.  
Godkjent med atterhald om revisors godkjenning.



# ÅRSMELDING

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 1990.

### HOVEDSTYRET:

LEIAR	JOHN KÅRE STORÅS
NESTLEIAR	INGE N. RELLING
KASSERAR	JØRN O. MIDTHJELL
SKRIVAR	STEIN IVAR KROHN
STYREMEDLEM	TORUNN S. LJØEN

STYRET HAR I ÅR VORE SAMLA 10 GONGER OG HANDSAMA 39 SAKER.  
MEDLEMSTALET FOR 1990 ER ~~130~~ 143 STK.

AKTIVITETEN I GRUPPENE VERT REFERERT I GRUPPENE SINE  
ÅRSMELDINGAR.

AV SAKER SOM STYRET HAR HANDSAMA KAN NEVNST:

- \* UMLEIGESATSAR TRAKKEMASKIN  
Medlemmar kr. 150,-/time  
Ikkje medlemmar kr. 200,-/time
- \* SØKNAD KJERALD SKIBUA SPAREBANKEN MØRE  
Innvilga kjerald for kr. 5.000,-
- \* HYTTESTYRE  
Hovedstyret fungerer som hyttestyre til skibua er  
offisielt opna.
- \* SERVICE PÅ TRAKKEMASKIN  
Eidsdal Auto har utført arbeidet.
- \* REKNESKAP SKIBU AVSLUTTA  
Alle tilskot frå STUI og kommuna utbetalt.
- \* KULTURMIDLAR 1990  
Tildelt i år kr. 15.500,-
- \* VELLUKKA AVVIKLING AV JONSOKFEIRING
- \* LOVNORM 1 FOR IDRETTSKLAG INNSENDT OG GODKJENT.
- \* SALG AV GAVEBREV TIL SKIBUA  
Salget har starta og til no har det kome inn kr.  
13.900,-. Alle husstandar vil verte vitja i løpet  
av vinteren.
- \* OMRÅDET RUNDT SKIBUA PLANERT OG RYDDA  
Kloakkanlegg tillaga og godkjent. Avtale med Inge  
Lilleås om bruk av overskotsvatn. Vatn ferdig  
innlagt. Elektrisk straum tilkobla.
- \* SLALAMLØYPA PLANERT TIL TOPPS.  
Omkøyringsveg til toppen av løypa er tillaga.  
Diverse steinar/fjell sprengd. Drensrør nedlagt.



\* TAK OVER SKITREKKMOTOR.

Veggane skal bordkleast snarast. Lysstolpe oppkomen mellom trekkstasjon og skibua. Lys montert.

\* AVTALE MELLOM NORDDAL KOMMUNE OG V.I.L, E.I.L OG N.I.L.

Det er under utarbeiding ein avtale mellom idrettslaga der ein søker kommuna om midlar for å halde faste turløyper/løyper opne gjennom vinteren.

OGSA I ÅR HAR DET VORE STOR DUGNADSINNSATS PÅ OG RUNDT SKIBUA. DIVERSE SMÅARBEID GJENSTAR.

STYRET TAKKAR ALLE SOM HAR VORE MED PÅ DUGNADSINNSATS I ÅR.

EI SPESIELL TAKK TIL GRUNNEIGARANE SOM HAR GITT GRUNN TIL DEI YMSE ANLEGGGA.

NO GJENSTAR I GRUNNEN DET VIKTIGASTE OG DET ER Å SKAPE AKTIVITET PÅ SKIBUA. VI HÅPER AT GAMLE OG UNGE VIL VERE MED OG SKAPE EIT GODT MILJØ PÅ

"LILLEÅSEN SKISENTER"

MED SPORTSLEG HELSING

---

JOHN KÅRE STORÅS form.



3. Medlemskontigent: Styret foreslår same satser som  
i fjor. kr. 20 - barn kr. 40, voksne kr. 120, <sup>familie</sup> <sub>medlem</sub>

4. Fotballgruppe - Petter Melchior står som kontakt  
person 1 år til.

5. Valg.

HOVEDSTYRE: JOHN KÅRE STORÅS formann  
INGE N. RELLING nestformann

STEIN IVAR KROHN

ELLEN C. MELCHIOR

BJØRN RELLING

Vara ODDMUND DALHUS.

Utdanningskontakt: BJØRN HELGE NYGÅRD

Revisorer: Leif Ivar Nerhus, Ivar Nydal  
~~John Kåre Storås~~

Representanter til ting i sivilretts forbund.  
Styret ordner dette.

Valnemnd: Erna Lise Eliassen, Knut E. Relling, Kåre Hjelde,

6 Tidligere grupper (ski, trim-fri etc) blir heretter (nye lover)  
å betrakte som nemnder.

Disse nemndene skal heretter velgast av styret.



Grasbane.

Styret vert bedne om å oppnevne ei nemnd som saman med Norddal/Eiddal F.K vurderer om grasbane er aktuelt i framtida. Tidsfrist til neste årsmøte.

Reglar for bruk av skibua.

- Ett felles styre med Rellingstra
- To styrer
- Kven kan bruke
- Kva skal ho brukast til
- Instruksar for sal etc.
- Betaling for jobbing?

Møtet slutt 23<sup>05</sup>

Petter Melchior  
Halvor Engseth



# STYREMØTE 6/12-90

I VERGARDEN kl. 20<sup>30</sup>

Desse møtte: John Kåre Storås, Inge N. Kelling, Ellen C. Melchior, Bjørn Kelling, Stein Juar Krohn.

Sak 1/91 Rekneskaperen er revidert av revisor og godkjant (sjå årsmøte)

Sak 2/91 Konstituering av styret

Formann	: John Kåre Storås
Nestformann	: Inge N. Kelling
Kasserar	: Stein Juar Krohn
Skurar	: Bjørn Kelling
Styremedlem	: Ellen C. Melchior

Sak 3/91: Tjamband med sal av div. på skibua, seljer laget serveringsloyve frå Norddal kommune dersom regelverket tilseier at dette er aktuelt.

Sak 4/91: VAL AV NEMNDER 1991  
Fr. pkt 6 frå årsmøtereferatet.

- Trin / fridretts / orientering:
- Bjørn Helge Nygård, formann
  - Loby Fredal
  - Gerd Husted Kelling
  - Catharina Blahstad

Utdanningskontroll: Sjå årsmøtereferat.



• Skigruppe: (valperiode fram til årsmøtet 1991)

- Halvard Fugseth

- Oddmund Dalsnes

- Kåre Helle

- Nils Morten Grønningseter

- Lars Tor Storrås

Vara: - Anders Felling

Skret har med dette endra arbeidsperioden for gruppa, og foretekt nytt tal av medlemmar i denne. Dette med grunnlag i at fleire av dei tidlegare medlemmane er vekkrist, og at funksjonstida følger<sup>no</sup> kalenderåret (frå årsmøte til årsmøte).

• Hyttestyre for idrettskytta på Fellingsetra:

- Gerd Høstad Felling

- Gunn Heland Felling

- Bjørn Felling

• Ordnari:

- Tordis Grønningseter

- Stein Tor Krohn, som passerar i N.L.

- Torge Normann Felling

- Selfrid Nydal

Ordnari:

Revisorar: } Sjå årsmøtereferat.

Fotballgruppe: Sjå årsmøtereferat.



Utsendingar til ~~ting~~ i seridrettsforbunds- / -krets-  
ting:  
Styret tek kontakt med aktuelle person(-ar) når  
ombydingane kjem til laget.

Hytte styre for skiba på Lilleås:  
- Hovudstyret i Nih.

Utsendingar til årsmøtet i IKU (idrettens kont. utval):  
- Jønn Olav Midtbyll  
- Jønn Kåre Storaas

Gruppene merka ● skal innau 7. januar 1991  
konstituere seg, og gje melding til hovudstyret  
om aktivitetsplan for 1991.

NB: Alle val gjeld fram til årsmøtet i 1991.

Sak 5/91: SKIBU LILLEÅS - ARBEIDSPLAN - 91.

Hyttekomiteen (styret) tek sakte på:

- Gardiner / -brett ferdig til ryttar.
- Kjøp av sløp.

Neste styremøte på skibua, der vi set opp  
arbeidsplan for 1991.

Sak 6/91: NEMND TIL GRASBANE - VURDERING.

Styret gjer framlegg om at følgjande  
personar frå Nih er med i nemnda  
ifr. pkt. 7 i årsmøtereferatet:

Petter Melchior og Torge Lilleås.



Sab 7/91: LANGRENNSTRASÉ

Synet meina at ein langrennstrasé ber ligge  
i nærleiken av sluttá, men at alternativ  
vert vurdert. Synt tundersøye evt. hvar frá  
STU aug. evt. skvad om tippvundlar.  
Synt kontaktar fskjenu Eide til syrefaring.

Møtet slutt 23<sup>25</sup>.

~~Jan Fellen~~  
Elen G. Melchior  
Steinvar Holm

Jan Fellen  
Jan Fellen



# STYREMØTE 07.01.91.

Sak 8/91 SAMARBEIDSPROSJEKTET FOLK I FORM TIL OL  
John Kåre vart vald som utsending til eit  
orienteringsmøte i Valldal den 23.01.91.

Sak 9/91 OPPMÅLINGSHSUL  
Skigruppa ber styret vurdere innkjøp av eit  
oppmålingshjøl, slike av ein kan male ~~resten~~  
vaskare og meir nøyaktig lengda på skiløyper.

Björn undersøker pris og typar på slike hjøl,  
for vi gjer nokre innkjøp.

Sak 10/91 FJERNSYN PÅ SKIBUA  
Forslag frå skigruppa om innkjøp av fjernsyn til skibua.

Styret har diskutert dette tidlegare, og har førebels  
ikkje kunna gå inn for dette.

Sak 11/91 KOPIMASKIN

Storås Skjortefabrikk har gitt ei kopimaskin  
til N.L.L. Maskina vert plassert i skibua på  
Lilleås.

Sak 12/91 ARBEIDSPLAN GRUPPENE.

Viser til sak 4/91



Skigruppen har sett opp terminliste for sesongen.

Trim/foirdrett har bedt om utsetjing i 14 dager.

Økonomigruppen har sett opp ein plan for ulike arrangement for første halvår.

Hyttestyret har sett opp ein plan over ting som bør gjerast. Dette har dei kostnadsrekna til Kr. 7000,-. Det er naudsynt med utbetalingar på Rellingssetra og styret vil legge midlar etter kvart som arbeidet vert utført.

Sak 13/91 Salg av medlemskort:

Rode 1:	Gullsmedgarden - Petter Nerhus	(Ellen C. Malchior)
Rode 2:	Dole - Fosshorn	(J.K. Storis)
Rode 3:	Dalhus - Storis	(Bjorn Relling)
Rode 4:	Dunavollen - Fredr. Gr. setra	(I.N. Relling)

Sak 14/91 FORSIKRINGAR

Kassaren har bedt om tilbud frå Vesta og Gjensidige på alle forsikringar laget her.

Vesta var rimeligast og vi flytter alle forsikringane hit etterkvart som dei forfall dette året.



Sak 15/91 SKIBU LILLEÅS 1991.

Viser til sak 5/91  
Kjøp av arkivskap i Stein Ivar undersøker pris

Gardiner og gardinbrett: Gerd Austad Relling og Oddny Dahl Nygård har teke på seg ansvaret for å få gardinene ferdig. John Kåre vil prøve på arbeidet med å få ferdig gardinbrett.

Møtet slutt kl. 22<sup>12</sup> Inge N. Relling

~~John Kåre & Gerd~~  
Ellen Cathrin Melchior.

~~Stein Ivar Holm~~  
~~John Kåre~~



# STYREMØTE 07-02-91

I IVERGÅRDEN kl. 20.30.

FRAMMØTE : JOHN KÅRE STORÅS

EIVEN GATHEIM MELFJØR

STEIN IVAR KROHN

INGE NORMANN RELLING

Bjørn RELLING

SAK 16/91 : VAKTLISTE SKIBVA

Vaklliste for helgene før påske oppsett.

Rangegrantaking søndag 10.2 (torsdag):  
Fingjord Dahl og Olga Telling.

SAK 17/91 : KRETSKONTIGERT M & R FRIDOR, KRETS, KRAV.

Vi har mottatt krav. for -91 på kr.

5.000,-. Ifølge Nygård sender skvad  
en redusert holdigheit (Gruppe I (el. II))

SAK 18/91 : ØK. STØTTE TIL NORGES DØVE-TØR.FORBUND.

Oppmøting og økonomisk stønad vert  
iblije innstilt.

SAK 19/91 : SYNJEBASSENG PÅ SØRSIDA.

Invitasjon frå samarbeidsvallet ved

Eidsdal skule om møte for å få

i gang alt denne sak. (12.2 kl. 20<sup>00</sup>)

Eller, Inge og Jon vert bedne om å  
møte.



SAC 20/91: ÅRSMØTE I IKU 12.02.91.  
Jon Midtjell og John Kåre Storås  
møter. (Tilbakelegginga var referert).

SAC 21/91: VEG KLEIVA - STORÅS.

Amorse vedh. åpne møte om veg  
Kleiva - Storås 07.02.91 i Storfjordnytt  
Slyret ser positivt på at arbeidet med  
denne vegen vert drøfta, og at plan-  
arbeidet ligger i gang.

Møtet slutt kl. 23.00.

~~Jon Midtjell~~  
~~John Kåre Storås~~  
Steinvar Holm.

Jan Relling

Ellen Cathrin Melchior



# STYREMØTE 07.03.91

I SKIBUA KL. 20.00

FRAMMØTE: ALLE I STYRET MØTTE.

SAC. 22/91: REFERAT M.M.

Melding fra N/E om oppnemning av  
2 personer til grasbanenevnd.  
Styret <sup>1/4</sup>form bed om at dei held  
sitt 1. møte tirsdag 10. april.

SAC 23/91: KULTURMIDLER 1991

Skuadsskjema var utfyllt, og dei  
vert innsendt tirsdag fristen 1. april.  
Kasserar ansvarleg.

SAC 24/91: KRETSKONTIGENT JFR. SAC 17/91.

Triidrettskretsen har plassert laget i  
ei klasse lavare enn tidlegare (kl. 3).  
NIL vert bedne om å betale kontigent  
på kr. 3.500,-.  
Styret meiner framleis at gr. I for er  
rett plassering for NIL, og sender  
nytt brev med krav om dette.  
Sehr. /hass gjer dette.







SAC 25/91: SUMJEBASTENG PÅ SERGØA  
Styret har fått forespørsnad frå bygde-  
utvalet om dei har nokon som  
kan vere med i "nemnda". Styret  
har ingen personar som har kapasitet/  
overskot til å delta i nemnda.

SAC 26/91: DUGNAD VED HOGGING  
I samband med skogrydding i ny  
veivare til fellingssetra, har Nil fått  
tilbod om ved til fellingspaterhytta.  
Flabot ved oppsett. (John Kåre)

SAC 27/91: VAKT PÅ SKIBOA I PÅSKE.  
Styret bed skigruppa å ta ansvar for  
25.03 - 28.03 og snø- / fridrett 29.03 -  
01.04.

SLUTT kl. 22<sup>20</sup>

  
Ellen Catharina Melchior  
  
Steinbjørn Thøle  
  
Inge N. Relling





STYREMØTE 18.04.91

I IVERGARDEN II

FRAMMØTE : ALLE MØTE.

SAK 28/91: KRETSKONTINGENT 1991.

Styret har mottatt brev fra Møt Friidretts-  
krets datert 20.03.91.

Styret vedtek at houligenten for -91 med  
kr 3.500,- ved betalt.

Saka vert oversendt friidrett, og  
bedt dei droffe saka med tih, og evt.  
vurdere medl. skapet i kretsen. Styret  
meiner at ei lavare gruppeplassering er  
ein føresetnad for medlemskapet i kretsen.

SAK 29/91: KJØP AV HESTESKOSPEL

Styret kjøper 200 spel for vidareasal.

Kjøpet vert gjort med bakgrunn i aksjon  
"Folk i form" til Ok, og som aktivitet  
på eit sommarstemma i Norddal / Eidsdal.


SAK 30/91: OFF. ÅPNING AV SKIBUA PÅ LILJES.

Dato: laurdag 22. juni, 1991.

Nytt møte: torsdag 25.04.91.

Desse møter: Styret, B.H. Nygård, Odden.

Dallius.

  
Ellen C. Melchior  
Ingv. Relling



STYREMØTE 05.09.91

Møtestad: Tvergarden II kl. 21<sup>00</sup>

Møtte: John Kåre Storås  
Stein Tor Krolu  
Inge N. Felling  
Ellen C. Melchior  
Gönn Felling

Sak 31/91: BREU FRÅ VJELL AASEN.

Forespurnad om Nil vil ta på seg div. reparasjon av sel på fattestadsøtra. (brev 26/8-91)  
Styret forter synfaring 15.09.91 for vi gjev endelig svar.

Sak 32/91: SKISTATUETT ? sww.

Styret deler kr. 1.000,- til innkjøpt skistatuet.  
(Statuetten kostar kr 1.340,-, der mottakaren betalar resten).

Sak 33/91: UTLEIGEREGLAR / -SATRAR FOR SKIBUA PÅ LILLEÅS.

Styret drøfta regulerer for utleige (evt.) av skibua på Lilleås.

Styret legg fram utleigeretningslinjer / utleige-satsar / ordensreglar til årsmøtet -91.

Møtet slutt 23<sup>50</sup>!

Ellen Cathrin Melchior  
Inge N. Felling, Stein Tor Krolu

John Kåre Storås  
Gönn Felling



STYREMØTE 26.09.91

Møtestad: Tvergarden II. kl. 20.30

Møtte: John Kåre Storaas  
Stein Tor Arvola  
Inge N. Felling  
Gunn Felling  
Ellen C. Melchior (møtte etter sak 34/91)  
(gikk i sak 35/91 ?)

SAK 34/91: FORBEREDELSE AV SEK (JFR. SAK 31/91)  
Synføring 15.09.91: Inge N. refererte fra denne.  
Styret vil ta til følge faren for forespurnaden,  
men frem av kapasitetsmessige årsaker  
ikke å ta på seg arbeidet.

SAK 35/91: KULTURHUS - UTTALE  
Hefte "KULTURBYGG I UVALD" er forelagt  
styret til uttale.  
Styret forfatter skriv, som vert sett inn  
i arkivet.

Møtet stutt 27<sup>00</sup>

Inge N. Felling  
Gunn Felling

John Kåre Storaas

Inge N. Felling



SYRESAK 10.10.91.

MOTEDATO: 10.10.91

STAD: IVERGARDEN II


Motte: John Kåre Storås  
Ellen G. Melchior  
Inge N. Felling  
Stein Ivan Kroen  
Espen Felling



SAK 36/91: REFERAT M.M.

- Jassavgift Lilleås.
- Stein til svøring v/ skibua før vi med komu. i forb. med vegarbeid Hellestadvegen
- Jassproblemer på skibua skuldast brøleg tuff i tilførselledinga. Inge tar saken.
- Jodfeil på kabel til skitauet. John Kåre / Oddmund er ansv.

SAK 37/91: SØKNAD FRÅ STIPENDIEMDA ; VIL VEDK. STIPENDORDNING.

Styret skriv svarbrev, der dei meiner at slike søknadar bør vere eit moment i den ordinære søknad. om helsemidlar som vert handsama og prioritert av IKU.

SAK 38/91: ÅRSMØTE 1991.  
Stad: Skibua  
Tid: 21.11.91 kl. 19.30.  


  
Ellen Cathrin Melchior  




STYREMÖTE 28.10.91

STAD: IVERGARDEN II

MÖTE: JOHN KARE STORÅS

INGE N. RELLING

BJORN RELLING

STEIN IVAR KRÖNN


FORFALL: ELLEN C. MELCHIOR (LILLEHAMMER)

SAK 39/91: REFERAT  
Fors. polise drafta.

SAK 40/91: ÅRSMÖTET 21.11.91

- Styret foreslår ændra kontigent for 1992.
- Styret legg fram utleigerelger for slibena, herunder utleigesatsar.
- Fors. kontablar valnemnda.

Møtet slutt 22<sup>45</sup>

The block contains several handwritten signatures in black ink. One signature is particularly large and stylized, appearing to be 'Inge N. Relling'. Below the signatures, there is a rectangular stamp with the name 'INGE.' written inside in capital letters.



STYREMØTE 18.11.91

STAD: STORÅS SIGORTEFABRIKK

TID: Kl. 20.00.

MØTTE: HEILE STYRET

SAK 41/91: FORBERING TIL ÅRSMØTET

- Gjennomgang av årsmelding.

Møtet slutt 2300

~~Ellen Melchior~~  
Ellen Melchior

~~Jan Relling~~  
Jan Relling

~~Sten G. Krohn~~  
Sten G. Krohn



# ÅRSMØTE 1991

STAD : SKIBUA, LILLEÅS

TID : 21. NOVEMBER KL. 19.30.

FRAMMERE : 14 STK + 2 STK = 16 STK.

1. INGEN MERKNAD TIL INNKALLINGA

2. 2 TIL Å SKRIVE UNDER MØTEBOKA: KÅRE HJELLE  
OG PETER MELCHIOR

3. - ÅRSBEREIDING 1991.

OPPLEST AV FORMANNEN.

Kommentar/merknadar: Total økonomisk ramme  
på <sup>med kommunen</sup> ~~totalt~~ er kr 250.000, <sup>på 3 år.</sup> Det var merka  
at verdien av oppkjøpte bøyer nok er like  
stor i Nil, som i Vil og Fih.

ÅRSBEREIDINGA GODKJENT, SAMRØYSTES.

## - REKNESEKAP.

Orientering av kassereren.

Rekneskapen godkjent i revidert stand, samrøystes.

## - GRUPPEÅRSBEREIDINGAR.

TRIM / FEILORET: Gruppe har bestått av: Bjørn Helge  
Hjggård, Coby Hredal, Gerd Aune  
Felling, Cathrina Skabestad.  
Godkjent utan andre merknadar.

SKI GRUPPA: Godkjent utan merknadar.

HITTESKUPET: \_\_\_\_\_

FOTOGRAFGRUPPE: Ingen skrive årsberedning, men  
Peter Melchior orienterte. ;



Grasbanenemnda (1. møte 15.05.91) har arbeidd med utg. pkt. i bane ved Dalsbygda skule. Nemnda har kontaktet SU v/ skulen, gr. eigarane, og fotb. lagsen, samt undersøkt tilskotsmuligheter. SU v/ skulen : positive

Gr. eigarane : Mullegg kontakt, foreberer positive til  $\frac{1}{2}$  lengde utv. ca 20 m, breidde ca 10 m.

Fotb. lagsen : Gode sak. Øystein Kleupe har vore kontaktet for å utarbeide grunnlag for vedtak.

Kostnad m/ orientering lagt fram på møte.

SAMRØYSTES

Årsmøtet bed om at arbeidet med grasbane <sup>planar</sup> ~~arbeidet~~ held fram, med mål å bygge grasbane i tilknytning til eksisterande grusbane v/ Dalsbygda skule.

Arbeidet skal forast vidare av ei nemnd frå NIL, bestående av Inge Lilleås, Fetter Melchior og Øystein Kleupe.

#### 4. MEDLEMSSKONTINGENT.

Styret sitt forslag om å endre satsar vert SAMRØYSTES JEDJEKE.



5. VALG.

Valneunda sitt framlegg til styret. (nye kandidatar)

- John Käre Storås 2 år
- Stein Juar Krohn —
- Nils Morten Gr. sater —
- Inge N. Felling souv. vara.

SAMRÖYSES.

6. VAE AV FORMANN.

- John Felling souv. vald for eitt år.

7. VAE AV NESTFORMANN.

Valneunda sitt forslag: John Käre Storås

Forslag frá Inge Lilleås: Ellen C. Melchior

Valresultat: Ellen C. Melchior: 7 røyster

John K. Storås: 6 —

Ellen C. Melchior vald for 1 år.

8. VAE AV UTØ. KONTAKT.

- John Helge Nygønd souv. vald. for 1 år.

9. VAL AV VALNEMND.

- Ema Lise Eliassen
  - Käre Hjelle
  - Knut Eldar Felling
- } souv. vald for 1 år

10. VAE AV UTS. TIL IKU.

- Valneunda sitt framlegg: John K. Storås.  
Souv. vald for 2 år.



# 11. VAL AV REVISORAR

- Valnemma sitt framlegg på Tvar Nydal og Leif  
Ivan Norkius saur. veld.

# 12. UTLEIGEREGLAR FOR SKIØV PÅ KILDEÅS.

Framlegget frå styret m/satsar vart opplest.  
Styret får fullmakt til å utforme endeleg avtale  
ut frå forslaget.

Styret vert lyttestyret for skibua.

# 13. SPØRSMÅL PÅ ÅRSMØTET. (illegj meldt til årsmøtet)

Spør. om Nil. vil halde skibtype på nyvegen  
til Fellingsetra.

Årsmøtet mente at skibtype m/spor bør prioriterast  
når snøtilhøva i område tallet det.

Det bør avtalast med gr. eigarane på nyvegen. til  
setra om samband av vegur.

Petter Melhus.

Kar Hjell

PS. Takk til 3 kaffiløkarar som hjelpe stunde ved  
valet av nestformann.



STYRET SI ARSMELDING FOR 1991.

HOVEDSTYRE:

LEIAR : John Kåre Storås,  
NESTLEIAR : Inge N. Relling,  
KASSERAR : Stein Ivar Krohn,  
SKRIVAR : Bjørn Relling,  
STYREMEDLEM : Ellen C. Melchior.

VARAMEDLEM : Oddmund Dalhus.

Styret har i år vore samla 11 gonger til styremøte og har handsama 39 saker. Medlemstalet for 1991 er 165, og dette er etter det vi veit ny rekord for laget. 166

Styret har i tillegg til styremøta hatt 5 planleggingsmøter for kulturdag, offisiell åpning skibu og dugnads-"fest" skibu. Styret har fungert som arrangør av desse aktivitetane og har også fungert som hyttestyre i året som har gått.

Aktiviteten i gruppene vert referert av gruppene sine årsmeldingar.

Av saker styret har handsama kan ein nevne:  
5/91 Skibua Lilleåsen. Arbeids- og aktivitetsplan 1991. Kjøp av arkivskap, stolar, gardiner etc. Lister over "kjøkken-teneste" oppsett.

6/91 Nødd til grasbane-vurdering. Petter Melchior og Inge Lilleås frå NIL. Øivind Eide og Torkjell Homlong frå N/E.

8/91 Folk i form til OL. Medarrangør på tur-marsj Rellingsetra. NIL har ein representant i fellesstyret for kommunen.

12/91 Rellingseterhytta. Hyttestyret for hytta hadde ein vedlikeholdsplan for hytta kostnadsrekna til ca. 7.000,-. Mykje av arbeidet er utført (sjå rapport frå gruppa). Snippeklubben vil gi overskot marknad -91 til dette.

14/91 Alle forsikringar i NIL er samla i Vesta ut ifrå tilbud.

17 - 24 - 28/91. Møre og Romsdal Friidrettskrets. Alle startar i Eidsdal-cupen har vorte registrert på "krets-nivå" og ut ifrå eit aktivitetsnivå målt etter antal startar vart NIL plassert i ei svært aktiv gruppe - herav krav om kretskontigent på kr. 5.000,-. Vi har klaga på dette vedtaket og har omsider fått kravet ned til kr. 3.500,-. For neste år vil vi kome i ei lavare klasse.

NIL- årsmelding 1991 forts.

Samarbeidsavtalen mellom VIL, EIL, NIL og kommunen er anbefalt av formannskapet. Forslaget inneber for oss ei ramme på kr. 57.500,- fordelt på 3 år. Motytelsen er blant anna oppkøyring av diverse tur-/trimløyper Lilleåsen/Dyrdalen.

Året 1991 har vore hektisk for styret ettersom vi i tillegg til styrevirksomheit har fungert som hyttestyre, arrangør av kulturdag og opning skibu.

Opninga av skibua vart utvikla jonsokaftan med aktivitetar for born og vaksne, grilling, dans etc. Ca. 120 personar møtte opp og gjorde feiringa vellukka trass i litt surt ver. Borgny Relling fekk ved denne anledninga tildelt skimerke-statuetten i sølv.

Aktivitetssmessig har også i år familien Ytredal utmerka seg både vinter og sommar.

Vinteren 90/91 vart ein svært snøfattig vinter for oss. Dette er første sesongen skitrekket ikkje har vore i drift i det heile. Vi har nytta tida til å få skitrekk-motoren under tak og skigruppa hadde fleire gode idear som dei ikkje fekk sett ut i livet p.g.a. snømangel, men dei vonar å få betre forhold i år.

Utfordringane for laget framover er framleis store og vi vonar at det gode arbeidet i alle nemder vil fortsette og at bygdefolket også neste år støttar og hjelper oss på same gode måte som dei har gjort i år.

TAKK FOR OSS.

For NIL

John Kåre Storås, form.



# STYREMØTE 02.12.91

TID: MÅNDAG 02.12.91 kl. 19.30

STAD: EBBEGARDEN

FRAMMØTE: BJØRN RELLING, JOHN KÅRE STORÅS,  
ELLEN C. MELCHIOR, NILS M. GRØNNINGSÆTER, STEIN I. K.

## Sak 1/92 Referatsaker:

- \* Restsum kulturmidlar fildelt NIL kr. 1001.
- \* Innkome skriv referert.
- \* Gaver: Hyttebok til Skibua Anne og Sigrid Relling.

## Sak 2/92 Konstituering av styret:

Leiar : Bjørn Relling

Nestleiar : Ellen C. Melchior

Kasserar : Stein Jvar Krohn

Skrivar : John Kåre Storås

Styremedlem: Nils M. Grønningseter

## Sak 3/92 Val av nemnder - forslag.

TRIM / FRIDRETT / ORIENTERING

- \* Catharina Blakstad 1 år
- \* Bjørn Helge Nygård 2 år
- \* Gerd Austad Relling 2 år
- \* Torunn S. Ljøen 2 år (? 1 år)

SKIGRUPPE

\* Kåre Hjelte 1 år

\* Nils M. Grønningseter 1 år

\* Lars Roar Storås 1 år

\* Halvard Engeseth 2 år

\* Karl Inge Lilleås 2 år

Vara: John Kåre Storås 1 år



## HYTTESTYRE: (Kellingsetra)

- \* Bjørn Kelling 2 år
- \* Gunn M. Kelling 2 år
- \* Gerd A. Kelling 1 år

## ØKONOMI GRUPPE

- \* Stein Jørn John 1 år (kass. Nitt)
- \* Anders Kelling 2 år
- \* Inge N. Kelling 1 år
- \* Sigrun K. Lilleås 2 år

## FOTBALLGRUPPE

Petter Melchior - kontaktperson 1 år

~~Ellen~~ Ellen snakkar med trim/fri  
Nils M snakkar med skigruppe  
Bjørn snakkar med hyttestyre  
Stein Jørn snakkar med økonomigruppe

Tilbakemelding til Bjørn innan 8/12 - 91  
Når nemndene er klare skal informasjon/  
nemndlister utsendast.


Sak 4/a2 Bjørn snakkar med formann for grunn-  
eigarane på Dyrdalsvegen (Øystein Klumpe) om  
sambruk av denne vegen vinterstid.




Sak 5/92 Annonsering av frimaktiviteter i SN.  
"inne-trimmet" skal inn i dei faste frimtibod  
i SN.

Sak 6/92 Premiering av dugnad skibua.  
Ellen, Stein Jørn og Bjørn ordnar dette.

Ellen Melchior



Utveeringsleder





SIREMOR 16.01.92

MOTESTAD: Ekebergorden

TID: 20.30

Sammen refererte enkelte saker

SAK 7/92 VALE AV NEMDER

SORFEST 29.FEB

TKIM / FRVARETT

Calvinia Blakstad Melchior 1 år

Bjorn Helle Uegjard 2 år

Torunn Ljoven 1 år

Gerd Austad Relling 2 år

Nyttestyre RELLINGSTRA

Bjorn Relling 2 år

Gerd Austad Relling 1 år

Gunn Relling 2 år

Økonomiutvalget

Kasserer: Stein Ivar Krohn 1 år

Anders Relling 2 år

Snorre W. Relling 1 år

Siljeunn Karin Lilleås 2 år



## TOTIDALLEGROPPE

PETER MECHNER 1 ÅR.

## SKILGROPPA

	HALVARD ENGESETI	2 ÅR
FORMANN	VILS M. GYR. SÆTER	1 ÅR
	KÅRE HJELLE	1 ÅR
	HARS ROAR STORAS	1 ÅR
	JOHN. KÅRE STORAS	1 ÅR.

BYRAN SENDER TIL DEFE

SAR 8/92

SONKALING. TIL ÅRSMØTE I LKO.

DESSE MØTER: STEIN IVAR KRØHN  
JOHN KÅRE STORAS  
JORN MIDENJELL

SAR 9/92

HÅNDBOK FOR INTERAKTIV KONTROLL FOR  
SKITAD.

SKILGROPPA SENDER SKRIV TILBAKE TIL  
VERITAS. I LØPET AV JANUAR.



SAK 10/92

HABET GÅR TIL INNKJØP AV  
VORSTENGJELSKINN VED Bjørn.

MØTE SHOTI LOS

Lilwa Line STOR

Ellen Cathrin Melchior

~~Stenfort~~  
Stenfort

Nils Morten Lønningsdal

Styremode



STYREMØTE 27.02.92

ERBJEDNING KL. 19.30.

JESSE MØTE J.K. STORAS, Bj. Revind. Quench. Melchior  
WILS M. G. SÆFER. STEIN I. KROHN

TOENNN ~~oforsatte~~ inkomme stov.

KASSERAR " delneskapet

KJØP AV KOMPRESSOR TIL TRAKKEMASKIN

SKIBLOPPA Se kjel om midlar til

KOMPRESSOR. NO VISU DET SEB AT

DET KAN VERE EIN METODE MED SKUNN

AV (JESSE) EIN AUJENTAR SOKNADEN TIL

DETTE ER AKLART. SKILJE UNDERSKER DETTE

SOKNAD OM KJØP AV VERKTØYSET

VAR INNULEA SKIØR. KJØPER ION DET.

SOMKJØP AV BLOKKER OG RESERVEDELAR

VERI INNKJØPT NIK N. G. SØLØ. ER ANSVARLEG.

ELLEN Gjekk heimatt

12/92

IKIM - FRIIDRET

KJØP AV SØLØ OG GJENT MEDTJAK SAMT

FOR-MERKE

STYRET ER POSITIV TIL SOKNADEN

(06) BIDRØN OG STEIN LOAR TEK KONTAKT

MED IKIM - FRIIDRET OG ORDNE OPP.

13/92

MORITOUET

STYRET JESTEK ~~Ø~~ KJØP 1. AKSJE  
I MORITOUET.

Wils m. G. Sæfer. Gjeld



14/92

Mini MARODAS

SIVKET UNDERSØKJER OM EIN

KAN TA SEE AV EIT ARRANGEMENT

PÅ PALME SONDAG: LAB MED ØKONOMI-  
NEMDA.

MATEI SLUTT. KL. 23.30

And. Sei. *[Signature]*  
*[Signature]*



SIVEMOTE 9.04.92

PÅ SKIBET PÅ NIKLASEN

DESSE MØTTE: Bjørn Relling, eller Ch. Melchior  
Lito Kåre Sørensen, Nils M. Gjesfærd  
Stein I. Krohn.

Bjørn Rellinge indkomne skriv.

SAC 15/92

RUDEBUNDEN

Styret vedtok at la kritikere til  
der reguleringsgrad langs-strandlinja  
Lørdag 25. APRIL.

Bjørn Rellinge tek ansvar om flyggebred  
og avindene

SAC 16/92

MEDLEM SKORT.

MEDLEM SKORT SKAL JERRE

AUSLUTTA FØR PINSE 1992

VISERT TIL 1

- |                    |   |                           |
|--------------------|---|---------------------------|
| S.I. KROHN         | 1 | Ljusmedgarden - P. NERLOS |
| ELLEN CH. MELCHIOR | 2 | DALE - FOSSEHEIM          |
| NILS M. GJESFÆRD   | 3 | DRUKUS - SØRENSEN         |
| BJØRN RELLINGE     | 4 | DOVAULLEN - FR. GJESFÆRD  |



SAK 17/92. KULTUR DAEAR 1992.

STYRET ER POSITIV TIL OG JERNE  
MED DA ARRANGEMENTER U'SS  
VI KAN PASSAST INN I OPPLEGGET

SAK 18/92

STYRET SEIER SEE ANE OM Å KJØPE  
ELLER DAK BILLETTER TIL ITSMYKKING.  
PÅ NYMA. Bjørn H. Nygård ER  
FOTOGRAF. Bjørn ORDNER DET.

SAK 19/92

KULTUR MIDLAR

SØKNAD OM KULTURMIDLAR  
SENDT TIL IKU / KULTURUTVALG  
STEIN IVAR PETER DETTE.  
21. JANUAR 15. APRIL.  
50000,- SØKNADSSOM.

SAK 20/92

ANB. ARRANGEMANG AV LÆSKENN  
1991.

BREV FRÅ LEIAR TIL SKI<sup>UARI DEF.</sup>GRUPPA  
SKI<sup>UARI DEF.</sup>GRUPPA BITT SVAR TIL LEIAR  
UARI<sup>UARI DEF.</sup> GODTATT. ~~SKI~~ SKI<sup>UARI DEF.</sup>GRUPPA TOK  
KRITIKKEN ANVOKLER OG HØVER Å  
SKJERPE INN. RUTINENE.



Sak 21/92

UTLEIJE AV TRÆKEMASKIN TIL

TÅFØRD KRAFT

STYRET ER POSITIV TIL EIN SØKJAN

FRÅ T.K.

BjØRN. REHNE. FÅR ANLEIING TIL

Å FORHANDLE OM SAKA SKULLE

KOME OPP.

Sak 22/92

HANDBOK FOR INTERN KONTROLL

SKAL AJOURDORAST FOR SEPTEMBER  
1993.

ANSVARLEG: Nils M. GjØNNINGSATRE /  
SKIERUPPA.

MØTET SLUTT 20 15

Lomkåre SØRÅS.

Ellen C. Helchior

~~Janne Teedus~~

~~Arne Marka~~

~~Stein Jørgensen~~



STIKEMOTE 19.6.92

F. B. J. E. G. A. R. O. E. N. KL 2000

DESSE NOTER: Bjørn Refline Ellen Ch Melchior  
John Kåre Storås Vilh. M. Eyr. Steier  
Stein Ivar Krohn

Bjørn refererte innkomne brev.

SAK 23/92 KULTURORGAAN 1992

Julemor marsjen søndag 12.07

Rode vei. 2

Hesteskoast.

Salg: Skibua

MOTE MED EIR 18.6.92 2

STEIN I. KROHN TEK EIR TELEFON TIL HAGEIDE

SAK 24/92

STOFFJORDLÅNØRKNING.

PÅMELDINGSBLANKETTAR JARI VIDALI.

Til Ellen M. Melchior Eir og Juni  
Hendal.

Vilh. M. Eyr. Steier ANSVARLIG.

SAK 25/92

TRAKKEMASKIN - SERVISS:

KARI MARIAN LONNEBERG JARI KONTAKT.

FOR Å GÅ AVS MASKINA.

Vilh. M. ANSVARLIG.



SARK 25/92

10 BILLETTER ANSKAFFET. TIL  
BROK PÅ SKIBOA.

BILLETTER FRA EIDSDAL BARNENABE  
JART OVERHEVET <sup>VED TILBÆK</sup> FOR BROK AV  
SKIBOA. VINTERN 1992.

~~MÅTE~~ AGENUTA KR. 22 45.

And. Støer  
~~Stigremingseter~~  
~~Sturvanghol~~

Ellen Cathrin Helchior  
~~Ellen Cathrin Helchior~~



STIKEMØTE 13.10.92

F. BUSSEGAARDEN KL. 20.30

DESSE MØTE. BJORN REHNING ELLEN CHEN MECHTIG  
STEIN I. KROHN JOLAN KARE STORAS

BJORN Refuserte inkomne skriv.

Sak 26/92

GRASBAVE KOMITEEN

✓ PETER MECHTIG

INGE NILVÅS

OSTEIN KRAMBE

Teknisk beskrivelse av GRASBAVE FOR  
JOLAN i NORDDAL.

Den inneholdt SITUASJONSPLAN, KART,  
PROFILAR. BANA SI OPPBEACNE OG  
SIDEFAN. BRENSPLAN OG GEOTEKNIK  
SOM <sup>MER</sup> MÅT LISI 760.-

JOLAN O. REHNING OG FREDRIK GR. STORAS  
JFKI KONTRAKTA.  
BJORN OG STEIN TEK JASSEN.

STIKET SENDER INN SOKNAD OM TIPPEMISLIG  
VISS GEOTEKNIKKARANE ER POSITIV.

ÅRSMØTE FULGJER DEFINITIVT OM

Prinsippet er -